

## KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2017/EØS/58/37

av 13. desember 2012

## om godkjenning av Det hasjimitiske kongeriket Jordan i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk

[meld under nummeret K(2012) 9253]

(2012/783/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF av 19. november 2008 om minstekrav til sjøfolks opplæringsnivå<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 19 nr. 3 første leddet, og ut frå desse synsmåtene:

- 1) I samsvar med direktiv 2008/106/EF kan medlemsstatane ta ei avgjerd om å godkjenne dei sertifikata som tredjestatar har utferda til sjøfolk, på det vilkåret at Kommisjonen har godkjent den aktuelle tredjestaten. Desse tredjestatane må oppfylle alle krava i konvensjonen til Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO) om normer for opplæring, sertifikat og vakthald for sjøfolk av 1978 (STCW-konvensjonen), i revidert utgåve av 1995.
- 2) Republikken Hellas sende inn oppmodinga om godkjenning av Det hasjimitiske kongeriket Jordan ved brev av 21. juli 2008. Som følgje av denne oppmodinga har Kommisjonen vurdert systemet for opplæring og sertifisering i Det hasjimitiske kongeriket Jordan med sikte på å kontrollere om denne staten oppfylle alle krava i STCW-konvensjonen og om det er gjort tilfredsstillande tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Denne vurderinga vart gjord på grunnlag av ein inspeksjon som sakkunnige frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået utførte i november 2009. Under den inspeksjonen vart det oppdaga visse manglar i opplærings- og sertifiseringssystema.
- 3) Kommisjonen la fram for medlemsstatane ein rapport om resultatane av vurderinga.
- 4) Ved brev av 21. september 2010 og 13. februar 2012 informerte Kommisjonen dei jordanske styresmaktene om at det var oppdaga manglar og oppmoda Det hasjimitiske kongeriket Jordan om å leggje fram prov på at dei manglane som vart oppdaga, er retta opp.
- 5) Den største mangelen galdt gjennomføringa i jordansk lovgjeving av visse STCW-føresegner om sertifisering av offiserar, særleg mangelen på krav om vurdering av kompetanse i visse tilfelle og lengda på fartstida. Vidare

omfatta ikkje kvalitetsstandardsystemet visse delar av forvaltninga, og framgangsmåtane sikra ikkje alltid at dei fastsette kompetansestandardane vart oppfylte. Endeleg mangla det noko opplæringsutstyr i opplæringsinstitusjonen.

- 6) Ved brev av 21. november 2010, 18. april 2011 og 12. mars 2012 informerte Det hasjimitiske kongeriket Jordan Kommisjonen om at det var sett i verk tiltak for å rette opp dei nemnde manglane. Dei jordanske styresmaktene peikte særleg på at dei nasjonale føresegnene for sertifiseringskrav no er vortne tilpassa slik at dei er i samsvar med konvensjonen. Dei la òg fram prov på at forvaltninga har gjennomført kvalitetsstandardsystemet fullt ut, og at det er innført nye framgangsmåtar for godkjenning av kurs. Endeleg vart det òg send over til Kommisjonen prov på at det manglande opplæringsutstyret no var kjøpt inn og kome på plass.
- 7) Det endelege resultatet av vurderinga viser at Det hasjimitiske kongeriket Jordan oppfyller krava i STCW-konvensjonen og har gjort høvelege tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat.
- 8) Det tiltaket som er fastsett i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegnane frå Utvalet for sjøtryggleik og hindring av ureining frå skip —

TEKE DENNE avgjerda:

*Artikkel 1*

For føremåla med artikkel 19 i direktiv 2008/106/EF er Det hasjimitiske kongeriket Jordan godkjent med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 13. desember 2012.

*For Kommisjonen*

Siim KALLAS

*Visepresident*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 347 av 15.12.2012, s. 28, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 171/2013 av 4. oktober 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 13 av 27.2.2014, s. 27.

(<sup>1</sup>) TEU L 323 av 3.12.2008, s. 33.